

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 DEP

0030 OSLO

Overføring av forvaltningsansvar for fiskerihamnene - problemstillingar og prosess

Vi syner til udatert brev frå Samferdsledepartementet om overføring av forvaltningsansvar for fiskerihamnene.

Brevet frå Samferdsledepartementet vart lagt fram til drøfting i fylkesutvalet i møte 16. april.

I drøftingane i fylkesutvalet vart det stilt spørsmål om overføring av administrative ressursar frå Kystverket knytt til forvaltningsansvaret, og korleis vi skal sikre at dei nye fylka vert gitt økonomiske rammer til å følgje opp tiltaka i Nasjonal transportplan 2018-2029.

Fylkesutvalet ser det som svært viktig at det vert overført ressursar i form av personell i samband med overføring av forvaltningsansvaret for fiskerihamnene frå Kystverket til fylkeskommunane. Tilgang til kompetent personell vil vere ein viktig faktor for å gjere overgangen straumlinjeforma, og sikre kontinuitet i prosjektplanlegginga.

Slik Kystverket forvaltar eigaransvaret for fiskerihamnene i dag, involverer dette spesial-kompetanse innan ei rekkje fagområde. I dag kan fylkeskommunen ikkje dekke spesial-kompetansen innan alle fagområdene med noverande bemanning. Vi vil ha behov for å få tilført nye ressursar. Desse ynskjer vi primært å få frå Kystverket for å sikre kontinuitet og oppgåveflyt.

Fylkesutvalet syner vidare til omtalen i brevet under pkt. 2.3 om økonomiske rammer. Det er sagt at arbeidet med statsbudsjettet for 2020 og den samla ramme som er til rådighet på dette tidspunktet vil vere styrande for rammeoverføringa.

I Kystverkets handlingsprogram 2018-2029 er det lagt opp til ei opptrapping av dei økonomiske rammene i heile planperioden. Fylkesutvalet er uroa for konsekvensen av å legge budsjett for 2020 til grunn dette når gjeld moglegheita til å følgje opp tiltak i Nasjonal transportplan 2018-2029 som ligg i siste seks-års periode (2024-2029).

Vi legg til grunn at staten ved overføringa av forvaltningsansvaret for fiskerihamnene sikrar at dei nye fylka vert gitt administrative og økonomiske ressursar som sikrar at tiltaka i Nasjonal transportplan 2018-2029 kan følgast opp.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Samferdselsdepartementet Postboks 8010 DEP 0030 OSLO

Kopi til:

Kommunal- og Moderniserings- Departementet Postboks 8112 DEP 0032 OSLO
Kommunenes Sentralforbund Postboks 1378 Vika 0114 OSLO
Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND
Nærings- og Fiskeridepartementet Postboks 8090 Dep 0032 OSLO